

---

**Fra:** Haakon Aase <haa-aase@online.no>  
**Sendt:** 30. mai 2017 16:25  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** Bjørn Christian Grassdal; 'Eikehaug Tine'; Cathrine Thorstensen  
**Emne:** Postvegen gjennom Lindås v/ Våge - søknad om løyve til tiltak. Sak: 171109.

Lindås kommune, byggjesak

Hei!

Eg viser til søknad om løyve til tiltak vedr. istandsetjing av ein parsell av Den trondheimske postvegen gjennom Lindås. Eg er ansvarleg søkjar på vegner av tiltakshavar Bjørn Norstrand. Jfr. saksnr. 171109. Det er gått noko tid no, og eg hadde venta å få eit svar på søknaden, men har per d.d. ikkje motteke noko svar.

Det skal nemnast at tiltakshavar og underskrivne har ein avtale med Statens vegvesen om gjennomføring av istandsetjinga innan 1. august. Tek ein omsyn til at det nærmar seg ferietid og at eg som utførande også har andre oppdrag, begynner det å hasta med å få eit svar på søknaden og dermed ei avklaring slik at arbeidet kan setjast i gang.

Eg har fått opplyst av dykk at saka er prioritert og reknar såleis med eit snarleg svar. Eg har også fått forsikringar om at eg ville ha fått melding dersom det er manglar ved søknaden eller ved dokumentasjonen slik at eventuelle slike veikskapar kunne ha blitt retta opp.

Med venleg helsing  
Haakon Aase  
Haakon Aase Tørrmuring